

# **Årdal-prosjektet**

-

## **om**

### **gardar, ressursar og levebrød i ei bygd i Hjelmeland kommune**

---

#### **Prosjektsamandrag**

Bygdebokverket for Årdal<sup>1</sup>, utgitt ikring 1970, skal nyskrivast og utvidast med gardshistoriske framstillingar og forteljingar tilsvarande dei andre bygdebøkene Hjelmeland kommune har gitt ut.<sup>2</sup> I tillegg skal befolkningshistoria fornyast, byggjast ut og førast fram til notid. Prosjektet for Årdal skal følgja folket – familiar og enkeltpersonar – frå tidleg på 1500-talet og fram til vår eiga tid. Bygdebøkene skal førast fram til eller opp mot 2020-åra. I denne framføringa skal det gjerast bruk av den tidlegare bygdebokutgåva frå 1971 – sjå:

[Årdal. 2 : Gardane og folket \(nb.no\)](#)

Gardshistoriene for Årdal skal skrivast på same forskingsbaserte og kvalitetsmessige nivå som gardshistoriene og bygdebøkene for resten av Hjelmeland kommune. Målet med *Årdal-prosjektet* er å bidra til forskinga om og formidlinga av gardshistorie, bondeøkonomi og lokalsamfunn.

Norsk bondeøkonomi har vore eit sentralt tema i historieforskinga her i landet. Historikaren Edgar Hovland skriv om kor sterkt forskning om gards- og bygdehistorie har stått – *Årdal-prosjektet* vil føya seg inn i rekkja av slike arbeid.

Garden eller bruket har ikke bare vært den dominerende økonomiske enhet – men òg i stor grad bidratt til å forme det sosiale liv. Et intensivt studium av de små enheter i bygdesamfunnet vil kunne gi historikeren innsikt ikke bare i den enkelte gards utvikling, men like mye i viktige prosesser i hele lokalsamfunnets historie.<sup>3</sup>

#### **1. Innhald og forskingsspørsmål**

*Hjelmeland. Gardar og folk* er eksempel på den typen bygdebøker som skal skrivast for Årdal. «Gards- og ættesoger» har denne bygdeboksjangeren blitt kalla. Meir presist er det å kalla bygdebøker som dette for busetnadssoger og befolkningshistorier. I den nye Årdal-boka vil det bli eit hovudmål å søkja svar på dei same eller tilsvarande delspørsmåla som er reiste i gardssogene og befolkningshistoriene for resten av Hjelmeland:

---

<sup>1</sup> Eikeland 1969 og Eikeland 1971. Det er den sistnemnde boka frå 1971 som handlar om *Gardane og folket* i Årdal. Bokutgåva frå 1969 tar føre seg Årdal si allmenne kultur- og bygdesoge *Frå istid til notid*.

<sup>2</sup> Brandal 1989. Brandal 1990-I. Brandal 1990-II (Fister). Bygdesogene: Brandal 1994 og Brandal 1997.

<sup>3</sup> Hovland 1977: 9.

- Kor, kvifor og korleis ligg garden lokalisert – topografisk, geologisk og på kva lausmasse?
- Kva betyr gardsnamnet – og kva kan det seia om framvekst av busetnad, sentralitet osv.?
- Kva naturgrunnlag og produksjon var det på garden?
- Kva levebrødsløysingar har funnest: deling av gardsbruk og/eller rydding av husmannsplass?
- Kven har eigd garden? Kva tid blei gardbrukarane eigarar av gardsbruka sine sjølve?
- Korleis har samliv og felles eksistens arta seg på garden, i tunet og mellom gardsfolket?

Årdal har særleg frå 1970-åra vore ei bygd med omfattande sand-, singel- og grusindustri. Det vil vera interessant å omtala nærare i den nye busetnadssoga/bygdeboka kva denne verksemda har hatt å seia for gardane, lokalsamfunnet og kommunen sidan det blei starta industriell utvinning av sand og stein i Årdal for om lag 50 år sidan. Kva har denne samtidshistoriske verksemda hatt å seia for fornying og vidareføring av gardsdrift og -økonomi?

Historia og dei personhistoriske/biografiske opplysningane om folket som har budd på dei enkelte gardsbruk, husmannsplassar og andre bustader vil byggja på den tidlegare gards- og ættesoga/bygdeboka for Årdal.

Kjeldeseriar av ulike primærkjelder vil vera aktuelle å gjera bruk av i prosjektet, til dømes: Folketeljingar, kyrkjebøker, jordbruksteljingar, eigeoms-, retts- og tinglysingsmateriale m.m. Enkeltdokument, gamle diplom og gardshistorisk kjeldemateriale kan vera interessante å fokusera særskilt på, som til dømes ei semje eller ein avtale skriven på kalveskinn ved slutten av 1500-talet:

*Kalvskinnssemja frå 1597* er eit dokument som blei inngått om arv og jordegods etter to søsken i Årdal, Astrid og Reier. Dokumentet er no tatt vare på ved Riksarkivet i Oslo og fortel om økonomi, velstand og bondearistokrati i Årdal, Ryfylke og Rogaland.<sup>4</sup>

## 2. Gards- og hushaldshistorier

### – forskning om gardar – ressursar – levebrød

Forskningstradisjonen om gardar, gardsbruk og husmannsplass i det norske historiefaget står knapt tilbake om målestokken skal vera «eksellent» historieskriving og sovegransking. *Excellence* er eit kriterium i dei standardiserte, engelskspråklege prosjektbeskrivingane *Noregs forskingsråd (NFR)* gjer bruk av. Framifrå formidling og grunnforskning har vore gjort innan den sterke norske bygdeboktradisjonen. Lenge var også fokuseringa på det gards- og

---

<sup>4</sup> Østrem 1999: 182-183. Kalvskinnssemja frå 1597 blei oppbevart i om lag 300 år på garden Tveit i Skjold, Nord-Rogaland. Astrid Sjursdotter var truleg frå Nedre Mæle i Årdal og gift med Torbjørn Aslakson Tveit. Astrid hadde broren Reier på Sedberg i Årdal og det var mellom etterkomarane til desse to søskena det blei halde «en venlige skifte» mange år etter at dei to søskena døyde.

lokalhistoriske feltet sterkt innanfor universitets- og høgskulesektoren. Framleis blir det drive med lokalhistorie, mikrohistorie og byhistorie ved høgskular og universitet i Norge.

Det har blitt gjennomført eigne forskingsprosjekt om vilkår for norske gardbrukarar – leiglendingar og sjølveigarar – i europeisk, internasjonal samanheng. Historikaren John Ragnar Myking samanlikna norske og europeiske jordleigevilkår og konkluderte med at norske bønder også som jordleigerar hadde stor råderett ved brukarovergangar og suksesjonar frå ein gardbrukarfamilie til ein ny.<sup>5</sup> «Jordleiger rår»-perspektivet er interessant som gardshistorisk tema – også i studiar av sjølveige, odelsrett og aristokrati blant norske og «årdalske» gardbrukarar. Eit eige europeisk forskingsprosjekt om *integrrert bondeøkonomi*, gjennomført for få år sidan, er det også verdt å gjera seg kjent med i «Årdal-prosjektet».<sup>6</sup> I det heile vil det vera ønskjeleg at den som blir tilsett som bygdebokforfattar for Årdal er godt fagleg og historisk orientert. Den gardshistoriske framstillingsforma er ganske bunden, men rangerte søkjarar til «Årdal-stillinga» vil basert på denne prosjektbeskrivinga gjennom prøveforelesing og intervju bli inviterte til refleksjonar omkring korleis det kan skrivast om gardar historisk.

*Gardar – ressursar – levebrød* er tre stikkord for kva gardshistorie bør handla om. Opplegget for gardshistoria bør tilpassast den rolla jorda spelte for levebrødet og levemåten til menneska på garden.

Hovedsiktepunktet må være samspillet mellom mennesker og naturgrunnlag – menneskets utnytting av naturressursene. Garden og gardsbrukene blir derved den dynamiske ramme omkring et varierende antall mennesker, og over tid vil utnyttingsgraden variere.<sup>7</sup>

Gardshistoriene i bygdebokverket for Hjelmeland er prega av at denne hovudproblemstillinga frå økonomisk historie og hushaldsøkonomi, er tungt til stades. *Produerte dei nok mat på garden til å vera sjølvforsynte?*<sup>8</sup>

I dei seinare åra har erkjenninga vakse av at sjølvberging kanskje aldri historisk har vore målet for bondefamilien og gardbrukarhushaldet. I større grad har det vore snakk om ein økonomi basert på å sikra seg ei grunnleggjande forsyning til livsopphaldet. Denne «subsistorienteringa» var meir rådande og styrande for tilværet enn det å vera fullstendig sjølvberga eller å leva i komplette naturalhushald. Salt og søtt, sterkt og surt gav behov for å skaffa mange slags varer utanfrå hushaldet på heimebustaden. Konsum, forbruk og luksus var ikkje ukjent i det gamle gards- og bygdesamfunnet. Varer frå byen og utlandet høyrde med i bondekulturen og inngjekk i den integrerte bondeøkonomien.

Aktualitet er til stades i eit gards-, busetnads- og befolkningsprosjekt som «Årdal-prosjektet». I ei tid prega av «deceleration of modernity» og «degrowth»<sup>9</sup> kan det ha allmenn interesse å bringa fram nye perspektiv og ny kunnskap om tidlegare historiske

---

<sup>5</sup> Myking 1998: 327-340 og Myking 2002.

<sup>6</sup> Panjek 2017.

<sup>7</sup> Hovland 1977: 11.

<sup>8</sup> Brandal 1990-II: 12. Eksempelet her gjeld garden Døvik i Fister sokn.

<sup>9</sup> [Degrowth: why some economists think abandoning growth is the only way to save the planet – podcast \(theconversation.com\)](https://theconversation.com/degrowth-why-some-economists-think-abandoning-growth-is-the-only-way-to-save-the-planet-podcast)

ordningar. Historisk har garden, gardsbruket og husmannsplasset vore langvarige og vedvarande produksjonseiningar som kan gi lærdom om og forståing av levebrødsløysingar, livsvilkår og matforsyning i tidlegare tider. Noko av denne kunnskapen kan vera verdt å ta med som perspektiv eller praksis i vår eiga samtid. Innholdsmessig kan eit historieprosjekt ha innverknad på alternative løysingsval og overlevingsstrategiar i vår eiga «historiske», moderne tid. Identitetsskapande vil bygdebokprosjektet vera.

### **3. Implementering prosjektomtale om gjennomføring og arbeidspakkar**

Implementering tyder både å *setja i gang* og å *gjera ferdig*. «Årdal-prosjektet» byggjer på finansiering frå Hjelmeland kommune og UiS der om lag fire femtepartar blir betalt av kommunen:

Kommunestyret i Hjelmeland vedtok 24.2.2022 å gjennomføra «prosjektet» *Bygdebok for Årdal* med ei samla kostnadsramme på 5 075 000 kr.

UiS har leiings- og eigaransvaret for «Årdal-prosjektet». UiS blir prosjekteigar for manusutarbeiding til bygdeboka og for innsamling til databanken. Nils Olav Østrem blir prosjektleiar/bygdebokredaktør i nærare fastsett stillingsprosent.

Prosjektleiar ved UiS er i nært samarbeid med bygdebokutval ansvarleg for den jamlege kontakten med – og framdrifta til – bygdebokforfattaren/-ane og andre moglege prosjektmedarbeidarar. Prosjektleiaren har også ansvar for å knyta forfattar/medarbeidarar til det faglege miljøet ved UiS, i form av eigne seminar og forfattarmøte. Dette skjer i samarbeid med det digitale folkeforsknings-baserte Hetland/Madla-prosjektet for Stavanger kommune og med andre prosjekt ved IGIS/UiS. Slik skal synergieffekt oppnåast.

Gjennomføringa av prosjektet skjer ved at det i tillegg til prosjektleiar/redaktør blir engasjert ein bygdebokforfattar (100%). Tilsetjing skjer på UiS og UiS har arbeidsgjevaransvaret for bygdebokforfattaren. Engasjementstida blir sett til 2 – to – år med eventuell forlenging dersom prosjekt- og økonomirammer gir høve og rom for at det er mogleg og ønskjeleg. Prosjektleiar kan også bli engasjert til å skriva og gjera forfattararbeid i prosjektet.

Det er to hovudarbeidspakkar i prosjektet: I: Gardshistorie og II: Befolkningshistorie. Milepålar med delmål blir sette opp for desse kvar av desse arbeidspakkane – sjå punkt 6 nedanfor.

### **4. Organisering av Årdal-prosjektet – styringsgruppe, bygdebokutval og prosjektleiing**

Styringsgruppe for «Årdal-prosjektet» blir partssamansett og oppretta med 2 – to – medlemmer frå Hjelmeland kommune og 3 – tre – medlemmer frå Universitetet i Stavanger (UiS). Styringsgruppa er ansvarleg for dei økonomiske, administrative og organisatoriske sidene av prosjektet *Bygdebok for Årdal*.

Bygdebokutval for «Årdal-prosjektet» blir oppretta av Hjelmeland kommune. Bygdebokutvalet er kommunens ansvar. Mandatet for utvalet er å bidra med manuslesing, lokalkunnskap, informasjonsinnhenting (jfr. familie- og brukarskjema) og andre oppgåver som bygdebokutvalet blir einige om med den faglege prosjektleiaren ved UiS.

Det er i bygdebokutvalet ønskjeleg med representant frå Årdal skule og frå rådmannen/kultursjefen i Hjelmeland i tillegg til andre kommunalt valde medlemmer. Prosjektleiar, bygdebokforfattar og UiS skal ha eit nært samarbeid med bygdebokutvalet for å ivareta at lokalkunnskap blir tilført og integrert i prosjektet for gardane i Årdal. Bygdebokutvalet held minimum ein gong i kvartalet møte med prosjektleiar og bygdebokforfattar. Til møta legg bygdebokforfattaren fram manusutkast til gards- og befolkningshistorie for Årdal. Kommentrar og drøftingar i bygdebokutvalet vurderer forfattaren fagleg i det den vidare skriveprosessen sin.

Faglege råd blir henta inn av prosjektleiar frå fagfellar/kollegaer ved UiS og frå annan ekspertise når det er nødvendig, t.d. frå *Norsk lokalhistorisk institutt (NLI)*.

## **5. Bidragsytarar og samarbeidspartar i prosjektet**

*Universitetet i Stavanger (UiS)* ved Institutt for grunnskulelærerutdanning, idrett og spesialpedagogikk (IGIS) skal i samarbeid med bygdebokutvalet for «Årdal-prosjektet» i Hjelmeland kommune, utarbeida trykkeklart manuskript til bygdebok for Årdal. Mål for manusutarbeidinga vil vera å leggja grunnlaget for at Hjelmeland kommune kan gi ut og publisera slik historie for Årdal på akkreditert/vitskapleg forlag.

UiS beheld og er eigar av den databanken til forskning som blir resultat av «Årdal-prosjektet». Denne databanken vil bestå av digitalt (elektronisk) og analogt (papirformat) kjelde- og grunnlagsmateriale for det manuset som skal overleverast til Hjelmeland kommune for utgjeving som bok. I denne databanken inngår demografisk materiale og også kjeldeseriar om den økonomiske historia til gardar og område i Årdal.

Den digitale delen av databanken blir gjort søkbar internt ved UiS, med rett for Hjelmeland kommune til å få gjera bruk av denne også etter at «Årdal-prosjektet» er avslutta.

IGIS har alt samarbeid med skular i Hjelmeland kommune og er positiv innstilt til å sjå på kva samanheng «Årdal-prosjektet» kan inngå i gjennom samarbeid med til dømes Årdal skule gjennom ulike undervisnings- og praksisprosjekt.

Å leggja til rette for eigne studentoppgåver om historisk demografi/familie-rekonstitusjon m.m. er eit delmål for primært «etterbruk» av «Årdal-prosjektet».

Eigarskapen til dette arkivet/databanken som blir utarbeidd i løpet av prosjektet, er også beskriven i kontrakten mellom partane UiS og Hjelmeland kommune.

*LokalhistorieWiki* ved Nasjonalbiblioteket (NB)/Norsk lokalhistorisk institutt (NLI) legg til rette «beingrind» for gards- og bruksnummera i Årdal. Bygdebokutvalet avgjer i kva grad og korleis «Årdal-prosjektet» vil gjera seg nytte av den digitale plattformen som *LokalhistorieWiki*

utgjør. Prosjektleiari legg saman med *LokalhistorieWiki* til rette for at nyare personopplysningar til bygdeboka kan hentast inn digitalt – alternativt til vanlege papirskjema. Sjå: [Gardar i Årdal i Ryfylke – lokalhistoriewiki.no](http://Gardar%20i%20Årdal%20i%20Ryfylke%20-%20lokalhistoriewiki.no)

Bygdeboka frå 1971 om gardane og folket i Årdal ligg digitalt tilgjengeleg på Nasjonalbiblioteket:

[Årdal. 2 : Gardane og folket \(nb.no\)](#)

Den digitale versjonen av boka skal konverterast til eit arbeidsdokument i Word for vidare bruk og bearbeiding.

## 6. Framdriftsplan med milepålar

*Milepåle 1: Tilrettelegging*

*Milepåle 2: Innhenting av informasjon*

*Milepåle 3: Skrive- og forskingsfase I*

*Milepåle 4: Skrive- og forskingsfase II*

*Milepåle 5: Redigering og ferdigstillinga*

Kvar av desse milepålane kan omtalast nærare for delmål og tidslinje, sjå nedanfor. Denne framdriftsplanen skal vera grunnlag for rullerande, årleg rapportering til Hjelmeland kommune. Den første årsrapporten til Hjelmeland kommune blir levert innan 31.12.2022.

### **Milepåle 1: Tilrettelegging vår og haust 2022:**

Fram til tilsetjing av bygdebokforfattar frå **1. august 2022**, skal prosjektleiar og ev. administrativ medarbeidar leggja til rette for «Busetnads – og befolkningshistorie for Årdal» (gards- og ættesoge). Jamfør t.d. konvertering av trykt bok til Word-dokument.

Sentrale kjeldeseriar som gardsmatriklar, grunnbøker, panteregister, jordbruksteljingar m.fl. bør takast i bruk og nyttast i dette kartleggings- og kontrollarbeidet av den tidlegare publiserte bygdeboka for Årdal – særleg av befolkningsdelen.

Gardshistorie, ev. grendehistorie, for Årdal skal utvidast til forteljingar om folk, ressursar og levebrød m.m. – med dei andre gardssogene i bygdebokverket for Hjelmeland som mal.

### **Milepåle 2: Informasjonsinnhenting vår og haust 2022**

Utsending av person-/brukar og eigedomsskjema med innhenting av familie- og eigedomsopplysningar må førebuast våren 2022 og klargjerast for gjennomføring tidleg haust 2022. Utkast til slikt skjema er utarbeidd i samarbeid med *LokalhistorieWiki*.

Innlevering må tilretteleggjast både digitalt og fysisk. Samarbeid med *LokalhistorieWiki* bør vera aktuelt også for denne informasjonsinnhentinga.

### **Milepåle 3: Skrive- og forskingsfase I – 2022-2023**

Skrive- og forskingsfasane blir knytte opp til dei to hovudarbeidspakkane i prosjektet:

#### **A: Gardshistorie**

#### **B: Befolkningshistorie**

Ansvarsfordeling mellom prosjektleiar og bygdebokforfattar blir at begge har ansvar for å bidra både til gards- og befolkningshistoria. Bygdebokforfattaren får hovudansvar for gardshistorie. Prosjektleiar/bygdebokredaktør får hovudansvar for befolkningshistorie.

Milepålar med delmål blir sette opp for desse kvar av desse arbeidspakkane. Det er 46 gardsnummer/matrikelgardar som skal omtalast i den nye Årdal-boka.

I fase I frå **1.8.2022 til 31.7.2023** skal det skrivast utkast til gardshistorier for halvparten av matrikelgardane/gardsnummera i Årdal (ca. 23). Ansvar: Bygdebokforfattar.

I løpet av den same perioden skal prosjektleiar ha føretatt kvalitetssikring og kjeldekontroll for halvparten av befolkningshistoria til matrikelgardane (ca. 23).

### **Milepåle 4: Skrive- og forskingsfase II – 2023-2024**

#### **A: Gardshistorie**

I fase II frå **1.8.2023 til 31.7.2024** skal det skrivast utkast til gardshistorier for halvparten av matrikelgardane/gardsnummera i Årdal (ca. 23). Ansvar: Bygdebokforfattar.

#### **B: Befolkningshistorie**

I løpet av den same perioden skal prosjektleiar ha føretatt kvalitetssikring og kjeldekontroll for denne andre og siste halvparten av befolkningshistoria til matrikelgardane (ca. 23).

### **Milepåle 5: Redigering og ferdigstilling - foto – 2024-2026**

Overlevering av trykkeklart manuskript til Hjelmeland kommune skal seinast skje innan utgangen av år 2026 (jfr. intensjonsavtalen). Perioden frå 1.8.2024 og fram til levering av manus klart for trykking, skal brukast til redigering/ferdigstilling, inkl. arbeid med m.a. fotos. Bygdebokutvalet må medverka i fotoinnsamlinga (oppsporing av foto, skanning, notering av opplysningar m.m.)

-Manustekstar for kvart bruksnummer/eigedom skal ut til grunneigarane for kontroll.

-Manusutkast skal deretter leggjast ut på høyring til innbyggjarane i Årdal.

-Databasen kan brukast til studentoppgåver - FOU-oppgåver og/eller masteroppgåver.

## **7. Formidling, skulesamarbeid og synergjar**

### **Folkeforsking og forskingssirklar**

Innbyggjarane i Årdal skal oppfordrast til å skriva og senda inn eigne tekstar/notat om sine eigedomar, bustader, gardsbruk og hus. Opplysningar om personar og familiar blir dei også oppfordra til å gi – utover standardopplysningane person- og eigedomsskjema etterspør.

UiS vil for «Årdal-prosjektet» og tilsvarende prosjekt gjennomføra faglege seminar, forskingssirklar og populærvitenskapleg foredrag etc.

### **Samarbeid med Årdal – skulen og bygda**

Hjelmeland skule er praksisskule for Institutt for grunnskulelærerutdanning, idrett og spesialpedagogikk (IGIS) ved UiS. Det er eit mål i bygdebokprosjektet for Årdal å utvikla samarbeid med skulen i bygda – gjerne med status som praksisskule. Det er tilsvarende eit mål for samarbeidet med Årdal skule å knyta dette til m.a. lokalhistorie, eventuelt «elevforsking/folkeforsking» og stadbasert læring.

UiS vil gjennom «Årdal-prosjektet» søkja samarbeid med lag og foreiningar i Årdal og Hjelmeland. Samarbeids-/rapporteringsrutinar med Hjelmeland kommune v/kultursjef, rådmann og ordførar ønskjer UiS å utvikla i samband med «Årdal-prosjektet».

UiS har eit eige prosjekt med Stavanger kommune om tidlegare Hetland og Madla kommunar/herreder. Medlemer av bygdebokutvalet for Årdal er velkomne til å ta del på møte, kurs og liknande som arbeidsgruppa for «Hetland/Madla-prosjektet» arrangerer.



## Litteratur:

Litteraturlista nedanfor har med både litteratur det er vist til ovanfor og annan tilleggslitteratur om Årdal. Dette er like fullt ingen fullstendig «Årdal-bibliografi»:

Brandal, Trygve, *Hjelmeland. Gard og folk*, bd. 1, Hjelmeland 1989.

Brandal, Trygve, *Hjelmeland. Gard og folk*, bd. 2, Hjelmeland 1990.

Brandal, Trygve, *Hjelmeland. Gard og folk*, bd. 3, Fister m.m., Hjelmeland 1990.

Brandal, Trygve, *Hjelmeland. Bygdesoge*, bd. 1, tida før 1800, Hjelmeland 1997.

Brandal, Trygve, *Hjelmeland. Bygdesoge*, bd. 2, 1800-1990, Hjelmeland 1994.

Christie, Sigrid Marie, *Årdal gamle kirke*, årbok 1965, Foreningen til norske fortidsminners bevaring, 1965.

Eikeland, Sigurd, *Årdal. I. Frå istid til nåtid*, Sandnes 1969.

Eikeland, Sigurd, *Årdal. II. Gardane og folket*, Sandnes 1971.

Fiskaa, H. M. og H. Falck Myckland, *Norges Bebyggelse. Sørlige seksjon. Herredsbindet for Rogaland midtre del*, Oslo 1958/1959.

Hovland, Edgar, Lokalhistorisk forskning – Utviklingslinjer, side 5-17 i Edgar Hovland (red.), *Folket, bygda og historia*, Stavanger 1977.

Kaland, Bjørn, *Årdal gamle kirke*, årbok 1965, Foreningen til norske fortidsminners bevaring, 1965.

Kleppa, Arne, Johan Livestøl og Sigbjørn Schmidt, *Det sviv ikkje lenger. Gardsbruk i Hjelmeland, avsidesliggjande og fråflytta*, Stavanger 2019.

Myking, John Ragnar, Når leigar rår? Vilkår til norske leiglendingar 1600-1800, side 327-339 i Øyvind Bjørnson, Egil Nysæter og Arve Kjell Uthaug (red.), *Til debatt. Innlegg ved Norske historiedagar 1996*, Bergen 1998.

Myking, John Ragnar, *Herre over andre si jord? Norske leiglendingsvilkår i europeisk lys 1500-1800*, doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen 2002.

Panjek, Aleksander, The Integrated Peasant Economy as a Concept in Progress, side 11-49 i Panjek, Aleksander, Jesper Larsson og Luca Mocarelli (red.), *Integrated Peasant Economy in a Comparative Perspective. Alps, Scandinavia and beyond*, Koper 2017.

Skiftun, Tor, *Hjelmeland skipreid, herad og kyrkjesokn. Gard og ætt*, Stavanger 1938 (2012).

Tjeltveit, Njål, *Krigsåra i Ryfylke. Kvardagsliv og motstandsarbeid 1940-1945*, Stavanger 1990.

Tjeltveit, Njål, *Årdal gamle kyrkje*, brosjyre 1990-åra.

Waula, Jørg Eirik, *Årdal. Gardane og folket. Personregister*, utg. Rogaland historie- og ættesogelag, Stavanger 1995.

Østrem, Nils Olav, *Skjold. Gard og ætt*, bd. 2, Stavanger 1999.

Klepp/Stavanger, 4. april 2022

*Nils Olav Østrem* – professor i historie/prosjektleder UiS